

Organisasjonsnummer: 939461450

Foretaksnavn ØRSTA KOMMUNE

Kontonummer: 3992 07 30144 verifisert

Adresse: Dalevegen 6, 6153 ØRSTA

E-postadresse: postmottak@orsta.kommune.no

Kontaktperson

Navn: Magnar Petter Selbervik

Telefonnummer: 48166679

E-postadresse: magnar.selbervik@orsta.kommune.no

Økonomisk aktivitet og kryssfinansiering

Søker utøver økonomisk aktivitet? Nei

Utfyller

Navn: Magnar Petter Selbervik

Mottaker: Miljødirektoratet

Kopimottaker: Statsforvalteren i Møre og Romsdal

SØKNAD

REFERANSENR.: 24SFE0B7

Forbehandling av matavfall på Nordvestlandet

Hva slags type tiltak søker dere om? Forprosjekter for klimagassreducerende tiltak

Om tiltaket

I hvilket fylke skal tiltaket gjennomføres? Møre og Romsdal

Hva skal prosjekteres?

Dei fem interkommunale avfallsselskapa på Nordvestlandet representerer i alt 24 kommunar i Nordfjord, på Sunnmøre og i Romsdalen. Selskapa samlar alle inn matavfall, og per i dag vert alt transportert ut av regionen til bruk i biogassproduksjon andre stader. Transporten er lang, for ingen biogassanlegg i nærområdet kan per i dag ta imot ubehandla matavfall. Matavfall er eit svært godt råstoff i biogassproduksjon, men det krev ei forbehandling i to trinn: fjerning av ureining / nedkverning og hygienisering. Kommunane og selskapa har eit mål om å skape betre driftsgrunnlag for etablerte og nye biogassanlegg i regionen, samstundes som ein kan få til både redusert transport og betre tilgang på biogass i ein region der det per i dag er svært langt mellom fyllestasjonane for biogass.

Dei fem avfallsselskapa ønsker difor å gjennomføre eit forprosjekt for å avklare om eit forbehandlingsanlegg er realiserbart, og i så tilfelle: kvar og på kva måte. Ei mulighetsstudie vart gjennomført nov-2023, og den utgjer eit godt kunnskapsgrunnlag. For å kome vidare er dette forprosjektet viktig for å få eit beslutningsgrunnlag. Mulighetsstudien peikar på to aktuelle lokasjonar for eit slikt forbehandlingsanlegg; Melsgjerdet i Ørsta kommune og Tafjord Kraftvarme sitt anlegg i Ålesund. Ørsta kommune er difor ein

naturleg samarbeidspart for avfallsselskapa når ein no ønsker å utarbeide eit beslutningsgrunnlag for eit evt forbehandlingsanlegg.

Hva er forventet klimagassreducerende effekt av tiltaket?

Forbehandling av matavfall har både indirekte og direkte klimaeffekt, men kvantifisering av effektane er uråd å gjere før ein får gjennomført forprosjektet. Vi veit at transporten av matavfall i dag er lang og omfattande: Jevnaker, Lillehammer og Linkøping i Sverige er tre av anlegga som matavfallet vert transportert til. Samla volum matavfall frå dei fem samarbeidande selskapa er 16500 t/år, noko som tilsvarer ca 620 vogntoglass. Redusert køyrelengde for matavfallet i seg sjølv vil ha ein direkte klimaeffekt, og effekten blir enno større dersom ein greier å få til ein god logistikk med returtransport av td slurry, bioest eller restavfall. Val av rett lokasjon er såleis svært viktig.

Auka utnyttingsgrad av matavfallet vil vere ein indirekte klimaeffekt, der ein ønsker å sjå om bruk av ny og forbetra behandlingsteknikk kan redusere omfanget av rejeckt (i dag estimert til ca 20% av volumet). Rejeckt går i dag til energigjenvinning / forbrenning, noko som er eit høgt prioritert nasjonalt mål å redusere omfanget av. Råstoffkvaliteten til matavfallet påverkar både andelen rejeckt og også energiutbyttet, og eitt av tiltaka i forprosjektet er difor å sjå korleis denne kvaliteten kan hevast (tiltak 4).

Tilgang på behandla matavfall vil ha ein positiv indirekte effekt på produksjonen av biogass, sidan tilsetting av matavfall kan gje høgare energiutbytte (1+1>2). Dette kan i sin tur gje eit forbetra driftsgrunnlag for dei etablerte biogassanlegga i regionen, samt for anlegg som er under etablering og prosjektering. Tilgangen på biogass er ein flaskehals for både renovasjonsselskapa og andre transportaktørar i regionen, for det er i dag svært få fyllestasjonar her. Meir lokal biogassproduksjon kan såleis gje betre lokal tilgang, og såleis ha indirekte klimaeffekt.

Beskriv hvorfor dette tiltaket er et utslippsreducerende tiltak kommunen ønsker å arbeide videre med:

Ørsta kommune vedtek i løpet av medio mars Kommunedelplan for klima, energi og klimatilpassing. Auka biogassproduksjon er eitt av tiltaka som vert omhandla i planen, og Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR) har i lenger tid jobba aktivt for å legge til rette for slik verksemd ved sitt anlegg på Melsgjerdet i Ørsta. Økonomisk og miljømessig er det vurdert som meir gunstig om ein kan få til eit forbehandlingsanlegg for matavfall i tett samarbeid med naboselskapa, men lokasjonen i Ørsta er altså svært relevant. Det er også ein annan aktuell lokasjon: ved Tafjord Kraftvarme sitt anlegg i Ålesund. Ei avklaring av lokasjon, i tillegg til marknadstilhøve og klimanytte, vil vere eit naudsynt steg for å kome vidare. Tiltaket har potensielt stor regional verdi også ut over Ørsta kommune.

Beskriv hvorfor økonomisk støtte vil være utløsende for at tiltaket blir gjennomført:

Partane har i liten grad kapasitet og fri kapital til å kunne jobbe med utviklingsprosjekt og innleige av ekstern kompetanse. Dei samarbeidande renovasjonsselskapa har gjennomført ei lovande mulighetsstudie, men treng no økonomisk hjelp for å kome vidare.

Gjennomføring

Varighet: 03.06.2024 - 30.11.2024

Gjennomføringsplan:

1. Kartlegge erfaringar med tilsvarande forbehandlingsanlegg, herunder teknisk løysing, marknad og klimagevinst. Besøk til tilsvarande forbehandlingsanlegg i Sverige og Danmark (ingen slike i Norge per d.d.). Gjennomføring mars-apr 2024, 3 dagar synfaring + informasjonsheinting og rapport.
2. Marknadskartlegging i regionen, herunder avklaring av kvalitetskrav, betalingsvilje /-evne, behov,

avsetning. Gjennomføring april - juni 2024.

3. Lokasjon og logistikk: utgreiing og avklaring av dei to potensielle lokasjonane. Dette inkluderer også logistikken rundt råstoff og sluttprodukta, slik at klimaeffekt og totaløkonomi kan vurderast.

Gjennomføring mars - juni 2024.

4. Vurdering av innsamlingsløysingane til selskapa med fokus på kvalitet i matavfallet, slik at forbehandlingsanlegget kan nyttast optimalt og klimaeffekten blir størst mogleg. Gjennomføring april - august 2024.

5. På grunnlag av pkt 1-4: utarbeide meir detaljert kostnads- og lønsemdskalkyle som beslutningsgrunnlag, herunder også organisering. Gjennomføring mai- september 2024.

Ansvar for den praktiske gjennomføringa ligg hos dei fem avfallsselskapa v/ dagleg leiar. Det vil bli engasjert ekstern rådgjevar / kompetent kapasitet for gjennomføring av pkt 2 og 3.

Hvordan er tiltaket politisk forankret?

Ørsta kommune har hausten 2023 hatt på høyring sin Kommunedelplan for klima, energi og klimatilpassing, og denne vert endeleg vedteken medio mars 2024. Produksjon og bruk av biogass vert der trekt fram som ein viktig strategi.

Volda kommune har i samfunnsdelen av sin kommuneplan 2022-34 grøn omstilling som eitt av sine fire satsingsområde. Transportsektoren vert peika på som ein av dei største utsleppskjeldene, og fortetting av aktiviteten og meir lokal handtering vert trekt fram som relevante tiltak.

Ålesund kommune er majoriteteigar i det største av dei samarbeidande avfallsselskapa; Attvin AS. Ålesund kommune har tiltaket forankra i Grøn strategi, som er ein del av Samfunnsdelen av kommuneplanen. Her er det formulert fleire hovudmål, m.a. «Ålesund kommune har lagt til rette for smart og klimavennleg innsamling og behandling av avfall» og «Ålesund kommune har redusert sine klimagassutslepp i tråd med EU sine målsettingar». Ein strategi for oppfølging av disse hovudmåla er formulert slik: «Vi skal, i tråd med måla for sirkulær økonomi, utnytte matavfall og andre organiske avfallsressurser til biogass».

I Sula kommune er tiltaket forankra i Miljø- og klimaplanen, som er ein kommunedelplan. Her er det lagt opp til at auka utnytting av bioråstoff i avfall bør vurderast i ein regional samanheng.

Også dei øvrige kommunane som er medeigarar i avfallsselskapa, har tilsvarande forankringar.

Hvor integrert er klimagassreduksjon i kommunens arbeid i dag? Delvis integrert

Vil tiltaket bidra til at klimagassreduksjon blir mer integrert i kommunens arbeid? Hvordan?

Ja, gjennom auka fokus og bevisstgjerjing i høve til kva ein kan utrette lokalt, her gjennom redusert transport, betre samordning av fleire samfunnsaktørar og regionalt, bransjekryssande samarbeid.

Skal kommunen(e) finansiere og gjennomføre klimatiltaket med betydelig innsats fra næringsliv, innbyggere eller organisasjoner? Nei

Omstillingseffekt

Hvilke aktører skal være vesentlig involvert i prosjektet?

Regionalt: Prosjektet involverer også eksterne regionale aktører, for eksempel fylkeskommune, regionale næringsorganisasjoner, regionale foreninger og andre kommuner, i tillegg til kommunen selv og ofte kommunesamfunnet.

Kommentar til dette?

Aktørane som samarbeider er:

- Ørsta kommune
- Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS
- Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS
- Nordfjord Miljøverk IKS
- Attvin AS
- Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap IKS

Dei fem avfallsselskapa er eigd av i alt 24 ulike kommunar.

Hvordan kan tiltaket bidra til omstilling til lavutslippssamfunnet?

Tiltaket kan bidra til meir biogassproduksjon og lettare tilgang til biogass i regionen. I tillegg vil denne typen anlegg kunne vere mal / erfaringsbase for andre regionar i landet, for det finst per i dag ikkje andre slike «stand-alone» anlegg i Norge, medan det finst fleire i Sverige og Danmark.

Budsjett

Kostnader	Beløp
Arbeid i prosjektgruppa	192 000
Konsulentoppdrag inkl reise	270 000
Studietur og møtekostnader	117 000
Eget arbeid Ørsta kommune	21 000
Sum kostnader	600 000

Finansiering	Beløp
Samlet kostnad	600 000
- Egne midler	300 000
- Andre offentlige midler / annen finansiering	0
Omsøkt tilskudd	300 000

Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Ja

På hvilken måte?

Ved redusert omfang av forprosjektet / færre utgreiingspunkt. Dette kan forringe beslutningsgrunnlaget. Usikkerheit i kalkyler og grunnlag kan medføre utsetting og i verste fall skrinlegging.

Minste tilskuddssum for gjennomføring: 150 000




Eventuelle merknader:

Ikke utfylt

Utdyping finansiering

Har tiltaket søkt/bedt om andre offentlige midler, men ikke fått slik støtte? Nei

Vedlegg

-  Rapport Forbehandling av matavfall_.pdf (Gjennomføringsplan)
-  Signert samarbeidsavtale forbehandling matavfall juni23.pdf (Annet)
-  planframlegg 220523.pdf (Annet)

 **Magnar Petter Selbervik for ØRSTA KOMMUNE**

Lvert 13.02.2024